



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger
Dato: 13.02.2017
Tidspunkt: 14:00 – 16:50

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Brigt Olav Gåsdal	Leiar	AP
Anne Tandstad	Nestleiar	SP
Svein Verner Røseth	Medlem	FRP
Vibeke Bohre Våge	Medlem	H

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Øystein Foss	Medlem	BI

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
Roy Ove Eikedal	Øystein Foss	Sp

Merknader

Andre som møte:

Navn	Stilling
Line Margrete Johansen	Forvaltningsrevisor i Deloitte AS, til og med PS 6/17
Knut Harald Frøland	Ordførar, var med i møtet til og med PS 7/17
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune, heile møtet

Brigt Olav Gåsdal
utvalsleiar

Kari Nygard
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 1/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 2/17	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 3/17	Deloitte orienterer om arbeid med å vurdere handsaming av konsesjonssak		2016/97
PS 4/17	Byggjerekneskap for Samnangerheimen - handsaming i kontrollutvalet før uttale		2016/48
PS 5/17	Møteplan for kontrollutvalet i Samnanger kommune 2017		2016/14
PS 6/17	Kurs i regi av Deloitte 2017		2014/426
PS 7/17	Årsmelding for kontrollutvalet i Samnanger kommune for 2016		2016/81
PS 8/17	Referatsaker		
RS 1/17	Utvalet sitt kvarter		2014/240
RS 2/17	Vedtak kommunestyret 15.12.2016 Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020		2015/131
RS 3/17	Vedtak kommunestyret 15.12.2016 Plan for selskapskontroll 2016-2020		2015/65
RS 4/17	Vedtak kommunestyret 15.12.2016 Økonomiplan 2017 – 2020		2016/38
RS 5/17	Rekneskap kontroll og tilsyn i Samnanger kommune pr. 31.12.2016		2016/37
RS 6/17	Tilsyn Samnanger kommune, sentraladministrasjonen		2015/135
RS 7/17	Vedteke budsjett kontroll og tilsyn Samnanger kommune 2017		2016/37
PS 9/17	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval		2015/133
PS 10/17	Eventuelt		

PS 1/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 13.02.2017

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 2/17 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 13.02.2017

Handsaming i møtet:

Det kom ingen merknader til protokoll frå møte i kontrollutvalet 14.11.16.

Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 14.11.16 vart samrøystes godkjent.

PS 3/17 Deloitte orienterer om arbeid med å vurdere handsaming av konsesjonssak

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen om saka til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 13.02.2017

Handsaming i møtet:

Line Margrete Johansen frå Deloitte orienterte om arbeidet så langt i saka. Ein er nå i ferd med å gjennomføra intervju, verifisering av intervju og innhenta aktuelle dokument og opplysningar. Notat etter gjennomgangen av saka vil bli lagt fram på neste møte i kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering.

PS 4/17 Byggjerekneskap for Samnangerheimen - handsaming i kontrollutvalet før uttale

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber revisor om attestasjon av prosjektrekneskapen / byggjerekneskap for Samnangerheimen.
2. Attestasjonen kan stillast til kommunestyret, og sendast til sekretariat for kontrollutvalet.
3. Sak om uttale frå kontrollutvalet vert å ta opp som sak når revisoruttale og tilstrekkeleg informasjon frå kommuneadministrasjonen ligg føre.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 13.02.2017

Handsaming i møtet:

Utvalseiar tok opp spørsmål om han kunne vera inhabil i saka, på grunn av at han har vore leiar i prosjektgruppe i oppstartsfasen. Han gjekk ut frå møtet medan resten av utvalet drøfta dette, nestleiar overtok møteleiing. Konklusjonen vart at kontrollutvalet samrøystes kjende han habil til å delta i handsaminga. Utvalseiar kom innatt i møtet og overtok møteleiing igjen.

Ordførar stilte spørsmål om alle opplysningar om kostnader i prosjektet er kome med i byggerekneskapen, slik den nå ligg føre. Det vart og stilt spørsmål om kva totalsummen for prosjektet er, og kva som vert konsekvensar når det gjeld sluttsum og behov for lånemidlar.

Kontrollutvalet drøfta at deira oppgåve er å gje uttale til byggerekneskapen / prosjektrekneskapen, medan sak om slutthandsaming av prosjekt, og vedtak om finansiering av eventuelle overskridingar , eller disponering av ubrukte midlar i prosjektet, eventuelt må utgreiast som sak (av administrasjonen) til kommunestyret når byggerekneskapen vert lagt fram for det organet.

Etter drøfting vart forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber revisor om attestasjon av prosjektrekneskapen / byggerekneskap for Samnangerheimen.
2. Attestasjonen kan stilast til kommunestyret, og sendast til sekretariat for kontrollutvalet.
3. Sak om uttale frå kontrollutvalet vert å ta opp som sak når revisoruttale og tilstrekkeleg informasjon frå kommuneadministrasjonen ligg føre.

PS 5/17 Møteplan for kontrollutvalet i Samnanger kommune 2017

Forslag til innstilling/vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2017:

Dato:	Merknad:
13.02.2017	Under avvikling
08.05.2017	
25.09.2017	
30.10.2017	
04.12.2017	

Møtedatoane vert å senda over til kommunen for å bli lagt inn i møteplan / møteoversyn på heimesida til Samnanger kommune.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 13.02.2017

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet drøfta forslag til møteplan. Møtedato i mai vert endra til 02.05.17. Dei øvrige møtedatoane vert i tråd med forslaget, men ein vil koma tilbake til om det er behov for 3 møter til hausten.

Vedtak:

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2017:

Dato:	Merknad:
13.02.2017	Under avvikling
02.05.2017	
25.09.2017	
30.10.2017	
04.12.2017	

Møtedatoane vert å senda over til kommunen for å bli lagt inn i møteplan / møteoversyn på heimesida til Samnanger kommune.

PS 6/17 Kurs i regi av Deloitte 2017

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan (dato)
2. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan (dato)
3. Sekretariatet vert beden om å ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 13.02.2017

Handsaming i møtet:

Aktuelle kurs vart drøfta. Det kom forslag om å gjennomføra kurs i «Habilitet». Ordførar vart oppmoda om å invitera kommunestyret til å gjennomføra dette i samband med kommunestyremøte 11.mai 2017, og at kontrollutvalet får delta på kurset saman med kommunestyret. Kurslengde bør vera på 1 time.

Til hausten vil kontrollutvalet gjennomføra kurs i «Innføring i kommunerekneskap». Målgruppe for dette kurset vil vera medlemmer og varamedlemmer i kontrollutvalet.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs i «habilitet» i samband med kommunestyremøte 11.05.17.
2. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs i «Innføring i kommunerekneskap» på eit kontrollutvalsmøte til hausten.
3. Sekretariatet vert beden om å ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

PS 7/17 Årsmelding for kontrollutvalet i Samnanger kommune for 2016

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2016

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 13.02.2017

Handsaming i møtet:

Overskrifta skal rettast til «Årsmelding for kontrollutvalet i Samnanger kommune for 2016». Kontrollutvalet peika og på nokre korrigeringar som skulle gjerast. Det var og ønske om å legge inn rekneskapsoversyn for 2016 i årsmeldinga. Med desse endringane vedtok kontrollutvalet samrøystes innstillinga til kommunestyret.

Innstilling:

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2016.

PS 8/17 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 13.02.2017

Handsaming i møtet:

Referatsakene vart gjennomgått. Det var ingen saker å ta opp under utvalet sitt kvarter. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Referatsakene vert teke til orientering.

RS 1/17 Utvalet sitt kvarter

RS 2/17 Vedtak kommunestyret 15.12.2016 Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020

RS 3/17 Vedtak kommunestyret 15.12.2016 Plan for selskapskontroll 2016-2020

RS 4/17 Vedtak kommunestyret 15.12.2016 Økonomiplan 2017 – 2020

RS 5/17 Rekneskap kontroll og tilsyn i Samnanger kommune pr. 31.12.2016

RS 6/17 Tilsyn Samnanger kommune, sentraladministrasjonen

RS 7/17 Vedteke budsjett kontroll og tilsyn Samnanger kommune 2017

PS 9/17 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 13.02.2017

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet har merka seg at møteprotokoll frå Naturutvalet sitt møte 22.11.16 ennå ikkje er lagt ut på heimesida til kommunen. Det vart peika på at reglementet for utlegging av protokollar må overhaldast. Møteprotokollane vart ellers teke til orientering.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

PS 10/17 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 13.02.2017

Handsaming i møtet:

1. Folkevaldopplæring 2018: Sekretariatet opplyste at det kan vera aktuelt å gjennomføra folkevaldopplæring for kontrollutvala i Hordaland midt i valperioden, t.d. januar 2018.
 - Kontrollutvalet støtta planane om dette, og ville gjerne at det skal gjennomførast 2-dagars kurs etter same modell som Solstrand-kurset januar 2016.
2. Saker til oppfølging: Liste med saker som skal følgjast opp vart gjennomgått og justert.
 - Orienteringssak om «Medarbeidarundersøking og HMS-tiltak vedr. belastningar for tilsette i samband med striden rundt barnevernstenesta» er ikkje lenger aktuell.
 - Orienteringssak vedr. «Status for oppfølgingsarbeid etter forvaltningsrevisjon om internkontroll» skal følgjast opp på neste møte.
 - Melding om oppfølgingsarbeid etter tilsyn med samfunnstryggleik og beredskapsarbeid skal og følgjast opp på neste møte
 - Tilsyn Samnanger kommune, sentraladministrasjon skal og følgjast opp til neste møte.

Vedtak:

Det vart ikkje fatta vedtak under eventuelt.